



	<p>Den nødvendige samtalen er ein <b>planlagt og godt førebudd samtale mellom profesjonelle og føersette</b>. Samtalen tek utgangspunkt i ei uro for barnet/ungdommen, og/eller ein observasjon som du som fagperson har gjort. Føremålet med denne samtalen er å dele uroa for barnet med føresette, for å starte eit samarbeid med familien.</p>
Generelle innspel	<p>Dei føresette si oppleving av likeverd og respekt i samtalen vil vere avgjerande for det vidare samarbeidet om å få betra situasjonen for barnet.</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Vær direkte og tydeleg om det du har sett, dine opplevingar og dine undringar om kva dette kan føre til for barnet/ungdommen. Ikkje problematiser.</li><li>• Lytt og vær open, raus og respektfull i dialogen.</li><li>• Ikkje diskuter/argumenter rundt observasjon og fakta.</li><li>• Sei alltid det som er positivt. Løft fram ressursane til barnet/ungdommen.</li></ul>
Førebuing til samtalen	<ul style="list-style-type: none"><li>• Inviter i god tid. La dei føresette få informasjon om tema i forkant. Vurder i kvart enkelt tilfelle om du inviterer munnleg eller skrifteleg.</li><li>• Unngå møte som varer meir enn ein time</li><li>• Tenk igjennom kva du ynskjer å oppnå med samtalen. Hugs målet med den nødvendige samtalen.</li><li>• Kven skal delta? Det kan være ein fordel å være to personar til stades under samtalen med den det gjeld.</li><li>• Lag på førehand ei liste over punkt det er viktig å formidle under samtalen.</li><li>• Avtal kven som sei kva. Avtal kven som skriv referat, og kven som skal passe på at de kjem dykk gjennom alle dei planlagde punkta.</li><li>• Hugs at det er ei uro du skal formidle; ikkje ei skulding. Du skal informere om kva du har sett som skapar uro. Vis respekt. Ikkje vær fordømmande.</li><li>• Vær førebudd på å verte møtt med eit vidt spekter av ulike reaksjonar, alt frå ei lette over at tema er tatt opp – til fornekting og sinne.</li></ul>
Gjennomføring av samtalen	<p><b>Innleiingsfasen</b></p> <p>I denne fasen skal det etablerast tillit mellom deg og dei føresette. Etter litt uformell samtale/småprat skal du presentere dei punkta du ynskjer å drøfte. Ha fokus på det som er mest vesentleg. Lytt til dei føresette, og få deira tankar og tilbakemeldingar. Kjenner dei seg att i uroa du har? Her kan du få eit godt inntrykk av korleis barnet/ungdommen har det i familien. Vis dei føresette respekt, og ha som utgangspunkt ei holdning om at foreldra ynskjer det beste for sitt barn.</p>

	<p><b>Hovudfasen</b></p> <p>I denne fasen skal du konkretisere og utdjupe grunnlaget for den uroa du har for barnet/ungdommen. Det er viktig å:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Balansere skildringa av barnet mellom det som fungerer godt og er barnets styrke og det som er vanskeleg og dei observasjonane som er gjort.</li> <li>• Hjelp foreldra forstå forskjell på det som er vanleg for barn og det som vekker uro.</li> <li>• Gi dei føresette tid til å fortelje korleis dei oppfattar uroa du har presentert for dei. Spør om dei kjenner seg igjen i observasjonane de har gjort. Gi rom for tenkepauser.</li> <li>• Gi plass til foreldra sine tankar, frustrasjonar og eventuell motstand. Tål ueinigheter som kan kome. Fokuset skal være på det som kan betre barnets situasjon og ikkje på foreldra sine ueinigheter.</li> <li>• Avslutt samtalet dersom den ikkje fungerer, og forklar kvifor de avsluttar før tida. Avtal heller eit nytt møte.</li> </ul>
	<p><b>Avslutningsfasen</b></p> <p>Det er viktig å avslutte samtalet på ein god måte. Her sikrar du at dei føresette kjenner seg hørt og forstått, og at de har ei felles forståing av situasjonen og kva som skal gjerast vidare. Ei god avslutning er også viktig i samtalar der du ikkje oppnår semje med føresette.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Konkretiser tiltaka de vert einige om</li> <li>• Summer opp samtaLEN og spør om det er behov for oppklaringar eller om det er noko anna foreldra ynskjer å samtale om.</li> <li>• Dersom barnet/ungdommen ikkje er med i møtet, avtal korleis og når barnet/ungdommen skal informerast – og kven som skal gjere det.</li> <li>• Avtal nytt møte.</li> </ul>
<b>Etter samtaLEN</b>	<p>Etter samtaLEN er gjennomført kan det vidare forløpet skje på fleire måtar. Dette vil avhenge av kva de kom fram til i fellesskap og alvorlegheitsgrada av problemet. Generelt bør ein:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Evaluere møtet – vart det etablert eit godt samarbeid med foreldre og vart det satt realistiske mål for å hjelpe barnet?</li> <li>• Vurdere korleis uroa ser ut no – er den mindre eller større? Kvifor?</li> <li>• Vurdere om ein skal informere det øverige personalet. Kva skal informerast om?</li> <li>• Lage eit oppsummeringsnotat som viser kva som skal gjerast vidare: <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Kva hjelpetiltak skal gjennomførast</li> <li>○ Tidsfrist for tiltaka</li> <li>○ Kven er ansvarleg for kvart enkelt tiltak? (Hugs at føresette også kan ha oppgåver dei skal gjennomføre).</li> </ul> </li> </ul>